



Oslo, 2. mai 2012

Vår ref.: 423.41 /LRK

Dykkar ref.: 201200324-/KHTA

Det Kgl. Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartement
Postboks 8036 Dep
0030 OSLO

Høyrings svar frå LNU – NOU 2011:20 Ungdom, makt og medvirkning

Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar (LNU) viser til høyringsbrev frå Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet av 3. februar 2012. Høyringa gjeld NOU 2011:20 *Ungdom, makt og medvirkning*.

LNU representerer 97 frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar, med til saman over 500 000 medlemmer. LNU er ein interesseorganisasjon for medlemsorganisasjonane, og fremjar deira felles interesser for styresmaktene. Vi arbeider mellom anna for betre rammevilkår for barne- og ungdomsorganisasjonane, og for enkel og ubyråkratisk samhandling mellom styresmaktene og frivilligheita. LNU forvaltar sju støtteordningar på til saman ca 130 millionar kroner, på vegner av tre ulike departement.

LNU takkar for mulegheita til å gje innspel, og sender med dette våre kommentarar kapitla 3–6 generelt, og til dei konkrete forslaga i NOU 2011:20 som LNU ønskjer å uttale seg om.

Sidetilvisingane nedanfor er alle til NOU 2011:20.

Kommentarar til kapittel 3 (Skolens demokratioppdrag)

LNU stør forslaget (s. 33) om å innføre eit eige demokratifag i skolen, med vekt på praktiske demokratierfaringar. Som ein del av dette faget må elevane få møte sivilsamfunnet, bli kjent med barne- og ungdomsorganisasjonane, korleis organisasjonane arbeider og korleis elevane gjennom desse kan forme sin eigen kvardag og påverke samfunnet kring seg. Faget må gje kunnskapar i og erfaring med å bruke yringsfridomen, delta i den offentlege debatten og respektere ulikskap og ulike meiningar. Målet må vere å myndiggjere den enkelte eleven, gjennom å gje den nødvendige opplæringa i praktisk organisasjonsarbeid og ressursane som trengst for å kunne vere ein aktiv samfunnsborgar.

LNU ser med uro på at faget *Elevrådsarbeid* blir lagt ned i samband med innføringa av nye valfag i ungdomsskolen. Nedlegginga kan kome til å svekkje ikkje berre elevmedverkinga, men også den praktiske demokratiopplæringa og demokratiforståinga hos norske elevar.

LNU meiner tvert imot at elevråda må få ei styrkt rolle, i eller utanfor ramma for eit nytt demokratifag, som sikrar at fleire elevar får opplæring i og røynsle frå medverking og demokratiutøving i praksis. Ei slik styrking vil også bidra til å rekruttere fleire til

Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar (LNU)

The Norwegian Children and Youth Council
El Consejo de la Juventud de Noruega

Øvre Slottsgate 2 B, NO-0157 Oslo
Telefon +47 23 31 06 00
Telefaks +47 23 31 06 01
lnu@lnu.no
www.lnu.no

Org. nr.: NO 971 435 739
Bankkonto 8398 05 05475
SWIFT: HANDNOKK
IBAN: NO24 8398 0505 475



demokratideltaking utanfor skolen, i barne- og ungdomsorganisasjonane og andre delar av sivilsamfunnet. Det må utviklast retningslinjer for elevrådsarbeid, slik at ikkje graden av medverknad blir avhengig av enkeltpersonar eller ressursar ved den einskilde skolen.

LNU stør derfor forslaget (s. 33) om å greie ut om retten til elevrådsmiddel bør fastsetjast ved forskrift. Det må vere rom for ulike elevrådsløysingar ved ulike skolar, men alle elevråd må ha ei klår demokratisk forankring hos elevane, eit tydeleg mandat og reell medverknad på definerte område av skoleverksemda.

LNU stør også forslaget (s. 33) om å gjere skoleval obligatoriske i alle vidaregåande skolar. Men for å ha demokratilærande effektar må skolevala vere ein del av eit større undervisningsopplegg, der ungdomspartia er med på utvikling og gjennomføring. Det gjeld også dersom eit tilsvarande tilbod blir gjeve til ungdomsskolane.

LNU vil peike på at ei vesentleg auke i talet på skolar som gjennomfører skoleval, krev auka støtte til organisasjonane som skal delta i undervisningsopplegget. Det vil vere ei god investering i det norske demokratiet.

LNU delar intensjonen om at skolen må ha ei open haldning til organisasjonar og politiske parti. Skolen og lærarane bør i alle relevante samanhengar vise verdien av samfunnsengasjement, synleggjere påverkningsmulegheiter lokalt, regionalt og nasjonalt, og elles fremje samfunnsorienterte diskusjonar mellom elevane. Bruk av friminutt eller fritime til møteverksemd på skolens område bør bli sett på som grunnleggjande positivt. Når deltaking er frivillig, må ikkje organisasjonar med partipolitisk eller religiøs tilknytning bli handsama annleis enn andre barne- og ungdomsorganisasjonar. Tilbakemeldingar fra barne- og ungdomsorganisasjonane tyder på at skolar og skoleeigarar har hatt ulik praksis når det gjeld tilgang til skolen for barne- og ungdomsorganisasjonar.

LNU viser i denne samanheng til rettleiaren som vart utarbeidd i eit samarbeid mellom Utdanningsdirektoratet, LNU, Elevorganisasjonen og ungdomspartia i 2011, og distribuert av direktoratet same haust. Rettleiaren om organisasjonars plass i skolen har skolar og skoleeigarar som målgruppe. Rettleiaren er tilgjengeleg på http://www.udir.no/PageFiles/43408/rettleiar_organisasjonars_plass_i_skolen.pdf?epslanguage=no.

LNU er samd i at innstrammainga av retten til "politisk fråvere" frå 14 til 10 dagar var uheldig. Ei reversering av endringa og ytterlegare styrking av denne retten vil vere ei tydeleg anerkjenning av engasjement utanfor skolen.

LNU stør derfor forslaget (s. 33) om at elevar i vidaregåande skole skal ha rett til 20 dagars fråvere for politisk og samfunnsretta arbeid, og at tillitsverv og liknande kan gje grunnlag for alternative arbeidskrav i relevante fag.

LNU meiner at elevar i grunnskolen må få tilsvarande rettar. Grunnskolen skal gje den grunnleggjande demokratiopplæringa, og derfor må elevane også på dette steget få så stort rom som muleg for å utøve demokrati og medverking i praksis.

Kommentarar til kapittel 4 (Organisasjonskanalen)

Demokratiet og det opne samfunnet i Noreg er bygd på eit sterkt sivilsamfunn, der mange borgarar veit korleis ein påverkar avgjerdsler, og forstår prosessar og strukturar i samfunnet. Barne- og ungdomsorganisasjonane både har vore og er avgjerande for dette. Dei er eigenstyrte, sterkt lokalt orienterte og nærverande i heile landet. Lokallaga byggjer fellesskap på tvers av økonomiske og sosiale skiljelinjer. Dei lèt barn og unge vekse inn i demokratiet ved å gje dei ressursar og røynsler som myndiggjer dei som samfunnsborgarar. Såleis er floraen av barne- og ungdomsorganisasjonar ein heilt avgjerande faktor for den makt og medverknad barn og unge har i Noreg i dag, og nødvendige medspelarar for å styrkje barn og unges deltaking her og no, og i framtida.

Norske barne- og ungdomsorganisasjonar har blitt fleire, større og meir mangfaldige dei siste åra. *LNU's Resultatrapport 2012* (vedlegg) viser at veksten har skjedd parallelt med lågare støttetersklar for minoritets- og diagnoseorganisasjonar, men også parallelt med at krava i støtteordningane til teljande medlemmer har blitt strengare og kontrollmekanismene meir effektive. Med andre ord var det unge sivilsamfunnet i Noreg i vekst også før hausten 2011, då dei samfunnspolitiske organisasjonane, særleg ungdomspartia, rapporterte om massiv medlemsauke i kjølvatnet av det sterke engasjementet etter 22. juli.

LNU viser til side 48 i NOU 2011:20, der det i fotnote 84 blir hevda at ein del av skilnaden mellom dei faktiske medlemstala det blir vist til i *LNU's Resultatrapport 2011* på den eine sida, og tal frå landsdekkjande tverrsnittundersøkingar og den såkalla Hordalands-undersøkinga på den andre sida, kan "skyldes svært mange nye medlemmer i noen ganske få enkeltorganisasjoner, deriblant SOS Rasisme".

LNU vil peike på tal LNU har fått frå BUFDiR, som viser at i alt 112 organisasjonar fått grunnstøtte i perioden 2002–2012. Nokre har blitt lagde ned, andre har kome til, atter andre har blitt slått saman. Dersom ein ser bort frå SOS Rasisme, er det 53 organisasjonar som har fått tildelt støtte kvart år frå og med 2004. Desse organisasjonane har hatt ein samla vekst på 18 prosent i talet på medlemmer under 26 år. Samstundes har det kome til langt fleire nye organisasjonar enn det har falle frå. Den Norske Turistforenings Ungdom og Noregs Jeger- og Fiskarforbund har vakse særleg kraftig av dei organisasjonane som har vore med gjennom heile perioden, men Kristen Idrettskontakt, Hyperion, KFUK-/KFUM-speidarane, Frilynt, ACTA (Barn og unge i Normisjon) og Ung Kirkesang har alle vakse med fleire tusen medlemmer mellom 2000 og 2009. Heile tretten organisasjonar har hatt ein relativ medlemsvekst på over 50 prosent. I tillegg kjem dei sju største ungdomspartia nest etter AUF, som hadde ein samla medlemsvekst på nesten 40 prosent i same periode. Såleis er det, ut frå dei faktiske medlemstala, riktig å seie at barne- og ungdomsorganisasjonane har fått langt fleire medlemmer under 26 år det siste tiåret. Ut frå dette er det vanskeleg å sjå at veksten på brei basis kan forklarast med "svært mange nye medlemmer i noen ganske få enkeltorganisasjoner".

LNU meiner at kunnskapen vi har i dag tyder på at barne- og ungdomsorganisasjonane har tilpassa seg endringar i samfunnet på ein måte som gjer at medlemskap framleis er attraktivt for barn og unge under 26 år i Noreg. Dette gjer det muleg for organisasjonane i endå større grad å bidra til sosial utjamning, integrering og reell deltaking i demokratiet for barn og unge – og såleis auke barn og unges reelle medverknad i samfunnet. Det føreset rammevilkår som sikrar ein berekraftig vekst.

LNU meiner såleis at det er grunnlag for ei meir optimistisk vurdering av dei tradisjonelle påverknadskanalane (organisasjonskanalen og også valkanalen, sjå nf.) enn innleiinga til NOU 2011:20 gjev uttrykk for.

LNU vil vise til sosiologen og forskaren Guro Ødegård, som peikar på at den såkalla 11. september-generasjonen i USA – dei som var unge og unge vaksne då terroren råka USA i 2001, ser ut til å ha fått eit varig høgare engasjement enn eldre og yngre generasjonar. I Noreg ser vi i 2012 eit veksande engasjement som i høg grad blir kanalisert inn i barne- og ungdomsorganisasjonane. Dersom organisasjonane gjennom moderniserte rammevilkår, som skapar større fridom og rom til kjerneoppgåvene, blir rusta til å møte veksten og gje eit stadig betre tilbod til dei nye medlemmene, kan dei leggje grunnlaget for eit varig sterkare ungt sivilsamfunn i Noreg, og såleis for eit utvida demokrati. Dette er ei unik mulegheit, noko som gjer at mykje står på spel.

LNU meiner at verkemidla i stor grad ligg i dagen: Å styrkje dei eksisterande reiskapa, som nasjonal og internasjonal grunnstøtte, Frifond og støtteordninga LNU Mangfald og inkludering, i tillegg til å samordne dagens mylder av prosjektstøtteordningar hos fleire titals ulike forvaltarar, og gje gratis tilgang til skolar og andre offentlege lokale.

LNU delar målsetjinga om å inkludere ungdomsgrupper med låg deltaking i endå større grad. Samstundes er det er viktig å minne om at organisasjonanes primære formål gjerne er ein viss type aktivitet eller verksemd. Samling og eigenorganisering kring felles interesser er i seg sjølv inkluderande.

LNU vil peike på at organisasjonane i lang tid har arbeidd å inkludere grupper som har låg deltaking i frivillig verksemd. Dette arbeidet har kome langt, sjølv om mykje enno står att.

Når det gjeld forslaget (s. 44) om eit nytt statleg tilskot som verkemiddel for å inkludere fleire unge med låg deltaking i organisasjonslivet, vil LNU peike på at styrkt grunnstøtte til nasjonalt og lokalt arbeid vil vere ein enklare og meir effektiv måte å sikre breiare deltaking på. Ei styrking av den nasjonale grunnstøtta til landsdekkjande barne- og ungdomsorganisasjonar og av Frifond vil sikre meir og betre gratisaktivitet i heile landet. Parallelt med ei styrking av LNU Mangfald og inkludering, som over fleire år har hatt eit totalt omsøkt beløp langt over løyvinga frå BLD, vil dette vere ei meir føremålstenleg løysing enn nye statlege støtteordningar.

LNU stør forslaget (s. 44) om å sikre barne- og ungdomsorganisasjonar tilgang til skolelokala utanom undervisningstid. Gratis tilgang til offentlege lokale vil også vere eit viktig verkemiddel for fleire gratisaktivitetar, fleire aktivitetar i universelt utforma lokale, og enklare tilhøve for små og nystarta lag. Erfaring viser at det er nødvendig med nasjonale retningslinjer for å sikre at skoleeigarane får ein praksis i tråd med forslaget, lik over heile landet.

LNU oppmodar derfor relevante departement til i sterkare grad å regulere frivillige organisasjonars høve til å bruke skolelokala.

LNU vil vidare peike på at forenkling og avbyråkratisering av offentlege støtteordningar er eit viktig verkemiddel for å gjere organisasjonskanalen attraktiv og tilgjengeleg for fleire. Målet må heile tida vere mest muleg tid til kjerneaktivitet og minst muleg tid til byråkrati.

LNU vil vise til at Kulturdepartementet og LNU sidan vinteren 2011 har samarbeidd om å kartleggje alle statlege støtteordningar som er opne for barne- og ungdomsorganisasjonane, og om å identifisere konkrete forenklingstiltak. Vinteren 2012 intensiverte departementet arbeidet med utvikling av Frivillighetsregisteret mot å bli eit reelt forenklande reiskap for samhandlinga med frivillig sektor. Også denne prosessen skjer i samarbeid med frivillighetsparaplyane.

LNU meiner det er avgjerande at Kulturdepartementet, som koordinatordepartement for frivilligheitspolitikken, driv eit kontinuerleg avbyråkratiserings- og forenklingsarbeid. Ikkje minst er det viktig at alle nye støtteordningar får regelverk basert på dei same definisjonane av omgrep og i størst muleg grad dei same dokumentasjonskrava som i dei store grunnstøtteordningane. Viktige verkemiddel her er den samla oversikta over alle tilgjengelege statlege støtteordningar som Kulturdepartementet lanserte på nettsidene sine våren 2012, saman med jamn og systematisk kontakt mellom ulike forvaltarar og retningslinjer for utforming av eventuelle nye støtteordningar. Desse verkemidla må vere i stadig utvikling, og samarbeidet mellom dei ulike departementa om dei må vere tett og systematisk, med ei definert ansvars plassering.

LNU meiner det er grunn til å spørje om det ikkje også bør vere eit mål å *reducere* mengda av "samhandling" knytta til økonomiske overføringar eller utføring av statleg utlyste prosjekt. Hovudmålet for organisasjonane er sjeldan eller aldri i seg sjølv å utføre "oppdraget" for staten, men å ha økonomisk fridom og praktisk rom for å drive med kjerneaktivitetane og arbeid for og med medlemene. Ei rausare grunnstøtte, opprydding i prosjektstøttemylderet og kontinuerleg avbyråkratisering vil styrkje kjernekapasiteten til organisasjonane og såleis gje betre mulegheit til å følgje opp fleire lokallag, nye medlemmer og til å ta i bruk ny teknologi. Det vil også gje meir rom for nytenking, nyskapande aktivitetar og for å gjennomføre nye idear som blir skapt i organisasjonen sjølv. Med andre ord: Organisasjonskanalen vil bli ein meir effektiv og inkluderande kanal for barn og unges demokratiopplæring, deltaking og medverking.

LNU vil minne om at organisasjonskanalens demokrartilærande funksjonar føreset medlemsbaserte, demokratiske organisasjonar. Dei siste åra har andre former for organisering, som stiftingar eller nettverk, blitt fleire og meir synlege. Utviklinga har ført til auka press på dei offentlege støtteordningane, som ofte har hatt som eitt av fleire formål å stimulere nettopp demokratiske, medlemsbaserte organisasjonar med dei positive effektane det har for meiningsmangfald og myndiggjering av enkeltmenneske, særleg barn og unge. Då Miljøverndepartementet i 2011 la om regelverket for støtte til miljøorganisasjonar, vart formålet endra og krava til medlemsdemokrati reduserte. I 2011 kom også Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet med ei ny driftsstøtteordning for "nasjonale ressursmiljø" til erstatning for den tidlegare støtta til landsdekkjande organisasjonar.

LNU vil i eit makt- og medverknadsperspektiv peike på at dette er ei utvikling bort frå det som har vore kjerna i statleg frivilligheitspolitikk i Noreg. Demokratiopplæring kan berre skje i demokratiske organisasjonar. Demokrati kostar. Det er rett og slett dyrare og meir administrativt krevjande å halde landsmøte, halde seg med lokallag og drive

medlemsoppfølging enn å ha ein nettverksbasert organisasjon med eitt enkelt kontor og få eller ingen plikter andsynes medlemmer med demokratiske rettar til å påverke det som skjer i organisasjonen. Ei omlegging i den retninga MD og BLD har valt, kan føre til at dei som har mest ressursar frå før får ein større del av den økonomiske støtta frå staten. Det vil særleg gå utover sårbare barne- og ungdomsorganisasjonar med få administrative ressursar og låg tilgang på anna ekstern finansiering.

LNU vil vidare peike på at livet blir levd lokalt, og alle barn og unge bur i ein kommune. Det er store forskjellar mellom norske kommunar, og store forskjellar mellom tilbodet til barn og unge. Mange av desse skilnadene er direkte årsaker av at lokalsamfunn er ulike. Andre har politiske eller administrativt bestemte årsaker.

LNU delar intensjonen (s.44) om at barne- og ungdomsorganisasjonane i større grad må bli inkludert i kommunal politikktutforming og kommunale planprosessar. Barn og unge har ein unik kompetanse på det å vere barn og unge i sitt lokalsamfunn, i si samtid. Kommunale og regionale avgjerdsler blir kvalitativt betre dersom barn og unge blir høyrde og tekne med på råd, slik dei har rett til etter artikkel 12 i Barnekonvensjonen.

LNU viser til at mange norske kommunar har *ungdomsråd*. Målet for mange kommunar har vore å nå "uorganisert" ungdom, utanfor organisasjonane. Dersom dette blir gjort gjennomgående, skaper det svakt eigarskap til medverkingsstrukturen, svekkjer mulegheitene for kunnskapsoverføring, og fører til at konkret sakkunnskap og definert engasjement går tapt for kommunen. Representativiteten kan også bli svak, dersom medlemene av ungdomsrådet ikkje representerer andre enn seg sjølv. Det kan heller ikkje vere kommunens oppgåve å etablere parallelle strukturar til den eigenorganiseringa som allereie eksisterer.

LNU stør forslaget (s. 44) om å direkte inkludere lokale barne- og ungdomsorganisasjonar i val av representantar til ungdomsråd og andre medverkingsorgan i kommunen.

LNU meiner at kommunane bør definere klare mål og formål med rolla ungdomsorganisasjonane skal ha den kommunale verksemda. Det tyder ikkje at alle kommunar skal ha den same politikken, men at den enkelte kommunen bør ha ein *definert* politikk, og *medvit* om at barne- og ungdomsorganisasjonane kan ha andre behov og færre administrative ressursar enn vaksenorganisasjonane. Ein kommunal ungdomspolitik og kommunal ung frivilligheits-politikk må vere utforma *med* og *for* barn og unge i kommunen. Slik vil også eventuell økonomisk støtte bli meir effektiv for begge partar, med klare forventingar og klår oppgåvefordeling.

LNU bed departementet om å ta initiativ til eit samarbeid mellom relevante departement, KS og barne- og ungdomsfrivilligheita for å styrkje deltakinga frå barne- og ungdomsorganisasjonane i den kommunale verksemda.

LNU vil minne om at det også utanfor den direkte samhandlinga mellom staten og det offentlege eksisterer unødvendige byråkratihindringar for barn og unges bruk av organisasjonskanalen. Eitt døme er at fleire norske bankar ikkje tillèt mindreårige å opprette eller disponere bankkonto. Dette gjer det vanskeleg å vere lokallagsleiar eller -kasserar, og svekkjer den frie organisasjonsretten for ungdom.

LNU bed på dette grunnlaget om at departementet tek opp problemstillinga med Finansdepartementet, og i dialog med frivilligheita og banknæringa set i gang ein prosess med sikte på å gjere det muleg for mindreårige som lokal tillitsvald å disponere ein bankkonto med eit mindre beløp, uavhengig av bank.

LNU vil vidare vise til tal frå Sverige som direktoratet Ungdomsstyrelsen la fram i januar 2012.¹ Desse tala viser at dei partipolitiske ungdomsorganisasjonane der i landet hadde ein massiv vekst i valåret 2010. Ungdomsstyrelsen rapporterte om vekst både i talet på organisasjonar som kvalifiserer for statsstøtte og i talet på medlemmer i organisasjonane. Noreg og Sverige utgjer samla berre eit lite hjørne av verda, men dei liknande tendensane i begge landa vil vere eit spennande utgangspunkt for meir forskning på kvifor organisasjonane er i vekst, og for eit styrkt nordisk samarbeid og erfaringsutveksling knytt til å ta vare på, ta i bruk og stimulere det veksende samfunnsengasjementet hos barn og unge.

LNU vil på dette grunnlaget oppmode departementet til å initiere eit styrkt nordisk samarbeid kring barn og unges medverkning, gjerne i samråd med dei ulike landsråda. Det norske formannskapet i Nordisk Ministerråd i 2012 er ei første mulegheit til løfte desse spørsmåla høgare på den nordiske dagsorden.

Kommentarar til kapittel 5 (Myndighetsinitierte ordninger for medvirkning)

LNU viser innleiingsvis til det som er sagt ovanfor om kommunale ungdomsråd.

LNU vil dessutan peike på at mange ungdomsråd i dag ikkje har tydeleg definerte oppgåver, eigne budsjett eller systemamatisk kontakt med den politiske leiinga i kommunen. Ungdomsråda blir i slike tilfelle berre pynt, på sida av avgjerdsystemet, ikkje ein del av avgjerdsstrukturen. Det er fleire tilfelle der politisk eller administrativ leiing i kommunen har nekta ungdomsråd talerett i kommunestyret, med grunnlag i kommunelova. Dette er ikkje i tråd med tilrådingane frå Kommunal- og regionaldepartementet. Slikt skinndemokrati kan føre til ei kjensle av avmakt, og vidare til demobilisering og redusert engasjement, slik sosiolog og forskar Guro Ødegård har vist i doktoravhandlinga *Motløs ungdom?*, med døme frå Skien i Telemark.²

På denne bakgrunn står derfor LNU fullt ut forslaget (s. 60) om lovfesta, nasjonale retningslinjer for lokale ungdomsråd eller andre medverknadsorgan. Retningslinjene må femne om institusjonell forankring, administrativ støtte, aldersavgrensing, valordning og mandat. Møterett i kommunestyret og kontroll over eigen økonomi er to av fleire nødvendige faktorar for å reelt styrkje ungdomsrådas medverknad. Kompetanse på administrativt nivå i kommunen må sikrast. Tilsvarande må gjelde medverkingsorgan på fylkeskommunalt nivå.

LNU viser til side 60 i NOU 2011:20, der det heiter at ungdomsråda må bli supplerte med andre ordningar for å sikre at eit mangfald av ungdomsrøyster kjem til ords. **Når det gjeld forslaget (s. 60) om å ta i bruk ekspertgruppemøte (s. 60) som verkemiddel på alle forvaltningsnivå, meiner LNU** at dette kan vere relevant for å nå spesifikke grupper av

¹ Kjelde: <http://www.ungdomsstyrelsen.se/art/0,2072,9121,00.html> (publisert 13. januar 2012).

² Ødegård, Guro: *Motløs ungdom?*, Akademisk publisering, Oslo 2010

ungdomar med nokså lik erfaringsbakgrunn for å innhente synspunkt på anten i ei konkret sak, på generell politikk retta mot gruppa, eller på korleis gruppas felles interesser er ivareteke i forvaltingsnivået sitt allmenne arbeid. Medlemene i ei ekspertgruppe kan bidra med viktige, personlege erfaringar som bør bli ein del av eit *avgjerdsgrunnlag* i ei sak, men ein må skilje mellom dette og å *delta i sjølve avgjerdsprosessen*, der enkeltpersonar i ei ekspertgruppe ikkje bør eller kan erstatte representative, demokratiske organisasjonar med breie interessefelt.

LNU meiner såleis at ekspertgrupper må vere eit supplement, ikkje alternativ til representative, demokratiske medverkingsstrukturar, og at bruken av ekspertgrupper må vere planlagd, medviten og grunngeven.

LNU vil føreslå at kommunane blir økonomisk stimulerte til å definere ein politikk for ungdoms medverkning, slik til dømes Malmö stad har gjort. Satsinga *Jag bor i Malmö* vart vedteken våren 2012, og inneber ikkje berre ein politikk med overordna målsetjingar, men ein arbeidsplan med konkrete tiltak på ulike nivå. Det er også utarbeidd ei tosiders brosjyre retta mot ungdom, med overskrifta *Så kan du påverka*. Materialet er tilgjengeleg på <http://www.malmo.se/Kommun--politik/Sa-arbetar-vi-med.../Folkhalsa/Ungas-inflytande/Jag-bor-i-Malmo.html>.

Kommentarar til kapittel 6 (Valgkanalen)

LNU viser til at det i NOU 2011:20 ikkje blir føreslege konkrete tiltak for å auke valdeltakinga, men ein strategi der "det bygges opp om unges engasjement og deltakelse i vid forstand".

LNU er samd i at ein må ha ei heilskapleg tilnærming til den demokratiske deltakinga frå unge, **men meiner vidare** at dette må ikkje kome i vegen for særskilte tiltak for å auke valdeltakinga.

LNU viser til vår *Resultatrapport 2012*, som vart lagd fram i april i år, og som er lagd ved denne rapporten. Rapporten viser at ungdom sjølve ønskjer meir kunnskap om val og politikk. Trenden med stadig synkende valdeltaking er broten i dei siste vala. Sjølv om deltakinga framleis er relativt låg, er det ikkje riktig slik det blir framstilt i NOU 2011:20 (s. 16), at unges "deltakelse i valg [...] ser ut til å ha stabilisert seg på et lavt nivå." Fleire førstegongsveljarar røysta ved stortingsvalet 2009 enn i 2005, og ved lokalvala i 2011 enn i 2007. Det trengst målretta tiltak for å behalde denne gruppa som aktive veljarar, og ytterlegare styrkje deltakinga frå førstegongsveljarar i dei komande vala.

LNU meiner derfor at det trengst tiltak raskt, det er ikkje tid til å vente på innføringa av eit nytt demokratifag i skolen. Tiltak bør skje i samarbeid mellom ungdomspartia, dei andre barne- og ungdomsorganisasjonane, skolen og kommunane. Dei bør vere praktisk retta, og også introdusere elevar til det lokale sivilsamfunnet og dei påverkningsmulegheitene som finst der.

LNU vil i denne samanheng også oppmode til å styrkje dei økonomiske bidraga frå Kommunal- og regionaldepartementet til organisasjonar og andre aktørar som gjennom

kampanjar og andre tiltak bidreg til å mobilisere fleire veljarar, og gjerne målrette ein viss del av midla til tiltak retta mot unge veljarar.

LNU viser til at utvalet som har skrive NOU 2011:20 "samla seg" om tre ulike standpunkt når det gjeld røysterettsalder. I alt sju medlemer ønskjer å endre røysterettsalderen (fem går inn for endring frå 18 til 16 år ved alle val, to går inn for endring frå 18 til 16 år ved lokale og regionale val).

LNU vil peike på at forsøket med røysterett for 16- og 17-åringar i 20 utvalde kommunar og i Longyearbyen i 2011, vart ein større suksess enn sjølv optimistane håpa på. Ikkje berre røysta seks av ti 16- og 17-åringar, altså nesten like mange i denne gruppa som blant alle veljarar. I fem av forsøkskommunane og i Longyearbyen var valdeltakinga i forsøksgruppa høgare enn mellom resten av veljarane, i ytterlegare to kommunar var deltakinga på same nivå. Valet viste at ungdomar har politisk engasjement og er klare til å stille opp i like stor grad som andre veljargrupper, dersom dei opplever at dei blir høyrde.

LNU viser til at ein i rapporten *Min stemme*, som vart lansert på forsommaren 2011, la fram tal frå Statistisk Sentralbyrå (SSB) som viste at aldersgruppa under 30 år var grovt underrepresenterte i norske kommunestyre. Etter valet i 2007 var 8,2 prosent av kommunestyremedlemene 30 år eller yngre. Då røystene vart talde opp i dagane etter 12. september 2011, viste det seg at totalt 15,9 prosent av dei nye folkevalde i forsøkskommunane var mellom 18 og 30 år.³ På bakgrunn av desse tala er det grunn til å tru at forsøket i mange av kommunane medverka til fleire unge på listene og meir merksemd kring unge kandidatar og verdien av ungdomsrepresentasjon i kommunestyra.

LNU viser vidare til at Utdanningsdirektoratet og NSD hausten 2011 gjennomførte den tradisjonelle skolevalundersøkinga. Tala frå forsøkskommunane, presentert i *LNU's Resultatrapport 2012*, teiknar eit svært interessant bilete, heilt parallelt med signala frå valresultata i dei same kommunane. Dei viser ein mindre, men likevel statistisk signifikant skilnad i høve til alle kommunar sett under eitt når det gjeld politisk interesse, engasjement i lokale spørsmål, tillit til politikarane og til lokaldemokratiet, og tru på at det er vits i å røyste.

LNU vil peike på at det med dette utgangspunktet ikkje er overraskande at *fleire* elevar i forsøkskommunane enn elles er for å senke røysterettsalderen i Noreg frå 18 til 16 år. Eit klårt *fleirtal*, heile 54 prosent, av elevane som sjølve har fått mulegheit til å delta i lokaldemokratiet er for 16-årig røysterett. Berre 23 prosent er heilt eller nokså ueinige. Tala er signifikant forskjellige frå tal for landet sett under eitt, noko som peikar mot at ungdom som får tillit som deltakar i demokratiet grip sjansen til å påverke. Over 80 prosent av dei unge i forsøkskommunane meiner at røysterett vil auke det politiske engasjementet hos 16- og 17-åringar.

LNU vil vidare peike på at røynslene frå forsøket er heilt i tråd med røynsler frå Tyskland og Austerrike, som er dei landa det er naturleg å samanlikne seg med blant dei som har prøvd ut røysterett for 16- og 17-åringar. Også her har det vist seg at denne gruppa røyster i omtrent like stor grad som andre veljarar, i motsetning til førstegangseljarar på 18 og 19 år, som gjerne er i ein livssituasjon meir prega av oppbrot og gjerne av flytting ut av lokalsamfunnet dei har vakse opp i. Sjølv om valdeltakinga i denne gruppa auka kraftig i Noreg i 2011, frå ein

³ Kjelde: *LNU's Resultatrapport 2012*. Tal frå SSB og KRD.

tredjedel (33 %) til nesten halvparten (46 %),⁴ er sifra framleis langt under deltakinga hos 16- og 17-åringane. Også dette peikar mot andre årsaker enn einast ein såkalla Utøya-effekt hos forsøksveljarane.

LNU stør på dette grunnlaget fleirtalet i utvalet som ønskjer å endre (s. 72) røysterrettsalderen til 16 år.

LNU meiner røysterrettsalderen bør vere 16 år ved både nasjonale og lokale val.

LNU går sekundært inn for å vidareføre forsøket med nedsett røysterrettsalder i 2015, utvida til alle kommunar som ønskjer å delta.

LNU oppmodar til at stortingsrepresentantar fremjar grunnlovsforslag om nedsett røysterrettsalder ved nasjonale val, slik at Stortinget på nytt kan ta stilling til spørsmålet etter valet 2013.

LNU registrerer at Trond-Viggo Torgersen, som leidde det offentlege utvalet som utarbeidde NOU 2011:20, i media har uttrykt at "man ikke behøver å gi noen grupper noen rettigheter de ikke har kjempet seg til. Stemmerettigheter er ikke noe 16-åringer generelt kjemper for. Det er uenighet og debatt også blant dem som er i denne aldersgruppa."⁵

LNU vil peike på erfaringane frå røysterrettsforsøket, som viser at det nyttar å gjere ein målretta innsats for å involvere nye grupper i demokratiet, sjølv om det ikkje er eit folkekrav eller organiserte kampanjar i gruppa sjølv. Mulegheiter og informasjon skapar engasjement og tillit. Såleis blir argumentasjonen frå Torgersen lite relevant i diskusjonen om utviding av demokratiet.

LNU vil minne om at det korkje i 1967 (20 år) eller 1978 (18 år) var eit breitt folkekrav om å senke røysterrettsalderen. Vinteren 1971 meinte faktisk så mange som 43 prosent at røysterrettsalderen på 20 år var for låg! Berre 14 prosent ville setje han ned. I 1978 viste meiningsmålingane framleis eit klårt fleirtal mot, også mellom dei under 20 år. Den utvida utanriks- og konstitusjonskomiteen i Stortinget ville det likevel annleis: "Nedsettelse av stemmerettsalderen kan bidra til en videre positiv utvikling i interessen for samfunnsspørsmål", uttala komiteen, og grunnlovsendinga fekk det nødvendige to tredjedels fleirtalet i Stortinget.⁶

Kommentarar til konkrete forslag i kapitla 7–9

LNU stør forslaget (s. 80) om å integrere sosiale medium og andre medium i demokratifaget, men strekar under at dette ikkje må redusere den vekta dei tradisjonelle påverknadskanalane får i arbeidet med faget.

⁴ Kjelde: SSB, artikkel publisert på <http://www.ssb.no/emner/00/01/20/vundkinnv/> (15. mars 2012).

⁵ Kjelde: NTB-melding 13. desember 2011 om overleveringa av Ungdomens maktutgreiing, her publisert på <http://www.siste.no/Innenriks/politikk/article5844918.ece> (13. mars 2011)

⁶ Kjelde: Langåker, Svein Olav B.: *Er grensa på 18 år katastrofal?*, artikkel publisert på www.framtida.no (20. desember 2012)

LNU stør forslaget (s. 80) om å stø forskning om korleis sosiale medium påverkar unges samfunnsengasjement og deltaking, og korleis sosiale medium reelt sett påverkar unges makt.

LNU stør forslaga (s. 92) om ei rekke ulike tiltak for å sikre personvernet til ungdom på Internett.

LNU vil i den samanheng føreslå ytterlegare, konkrete tiltak i tråd med tilrådingane frå Personvernkommissjonen og utgreiinga deira, Individ og integritet. For det første må Datatilsynet ved lov få myndigheit til å stoppe distribusjon av informasjon om barn når informasjonen krenkjer barnerettane, slik som retten til privatliv. For det andre må skolar få retningslinjer som regulerer kameraovervaking, og plikt til å konsultere elevrådet før slik overvaking blir innført. For det tredje må det bli stilt strenge personvernkrav til regulering av digitale læringsplattformer og liknande. Utdanningsdirektoratet bør få ansvaret for dette. For det fjerde må Kunnskapsdepartementet sikre at alle lærestader har kompetanse knytta til personvern for barn og unge. For det femte bør Kunnskapsdepartementet utvikle nasjonale standardar for korleis skolane handterer personvernet til barn og unge, til dømes som ein del av forskrifta til opplæringslova.

LNU stør forslaga (s. 107) om ei rekke ulike tiltak, opphavleg føreslegne frå Barnevernpanelet, for å styrkje barn og unges medverknad i barnevernet.

LNU vil i den samanheng sterkt oppmode til at eventuell implementering av desse forslaga skjer i nært samarbeid og dialog med Landsforeninga for barnevernsbarn.

LNU stør intensjonen (s. 107) om å sikre og styrkje rettane til einslege, mindreårige asylsøkjjarar.

LNU meiner i den samanheng at barnevernet må overta ansvaret for alle einslege, mindreårige asylsøkjjarar. Desse barna har etter Barnekonvensjonen dei same rettane som alle andre barn som er norske borgarar eller oppheld seg i Noreg.

Avsluttande merknader

LNU vil avslutningsvis rose departementet for å ha teke initiativ til ei "Ungdomens maktutgreiing". Resultatet har blitt ei god kunnskapssamling og eit initiativ til mange og viktige ordskifte. NOU 2011:20 er svært konkret innanfor fleire av sektorane, men dei store diskusjonane, om korleis ein kan sikre at barn og unge i Noreg får meir makt over eigne liv og større innverknad på samfunnsutviklinga, er ikkje ferdige med dette.

LNU vil likevel streke under at behovet for fleire og nærare utgreiingar på ei rekkje område, slik det blir etterlyst (s. 13), ikkje må bli til hinder for å gjennomføre konkrete tiltak på alle områda så snart som råd.

LNU vil uttrykkje ønske om at departementet i etterkant av høyringsrunda kjem tilbake med ei konkret oversikt for korleis ein vil arbeide vidare med forslaga og utfordringane i NOU 2011:20, gjerne i form av ein brei konferanse.

LNU vil også oppmode departementet om å bidra til at det blir identifisert og implementert konkrete verkemiddel for at alle departementa sikrer større grad av deltaking og medverknad frå barn og unge i det daglege arbeidet sitt på dei enkelte sektorane.

Med helsing



Gunhild Grande Stærk
Styreleiar, LNU



Martin Vonstad Østerdal
Generalsekretær, LNU

Kopi:

Det Kgl. Kulturdepartement
Det Kgl. Kommunal- og regionaldepartement

